



Maria spelar saman med dottera Tiril

Maria Malmsten, svensk opprinneleg men lenge Stord-buar så god som nokon, har ein utruleg arbeidskapasitet. No held ho på med ein stor folkemusikksyklus for kor, fele, trekkspel, solistar, danserinne med fleire. Maria, på våre kantar mest kjend som den

sprudlande dirigenten for vårt kor Røysterett for alle, dirigerar 3 kor i Kvinnherad for tida.

- Eg håpar at heile verket eller delar av det kan brukast under Folkemusikkveka neste år, seier Maria til uskedalen.no

Ho har skreve alle folketonane og arrangerar dei no. Ikkje alle har tekst, men dei som har det har ho også laga sjølv. Ho har skreve inn felesoloar, dansesekvensar og songsolistar samt trekkspel. Alle solistar har fått rollane sine. Ho trur det blir 11 'satsar' og 2 av dei er solodansar med fele og kveding.

- Det heile er litt humoristisk og alle folketonane har namn etter plassar i Kvinnherad eller einskilde episodar og personar. Alle satsane har også eit føreord som skal lesast før framføringa, seier Maria. Ein er inspirert av den mørke skogen rundt hytta hennar i Sverige.

Syklusen bliir dedikert til Røysterett for alle som Maria tykkjer er fantastisk og som ho no har dirigert i 5 år. Syklusen inneheld ein bruremarsj, ein bånsull til ein bytting, ein gangar frå Seim, ein rheinendar, ein uendelegheitsvals, ein tango i kanon, 2 polskar, huldrastev, skogshambo (erotisk svensk dans) og, skjemtastev frå Sunde.

Maria er ferdig med dei fleste tekstane og alle melodiane så no er det berre å glede seg...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Maria kjem til Kvinnherad etter å ha sykla frå Jämtland